

SULA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SULA KONTROLLUTVAL

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag, den 21.12.2011 kl. 13.00 på
kontrollutvalsekretariatet sine lokalar i Skeidarbygget**

SAKLISTE:

- Sak 05/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 26. april 2011
- ” 06/11 - Orientering om kontrollutval og revisjon
- ” 07/11 - Drøfting av kontrollutvalet sitt arbeid komande år/valperiode
- ” 08/11 - Budsjettkontroll 2. tertial 2011 - Sula kommune

Eventuelt

Møte er meint å vere eit oppstartmøte for det nye kontrollutvalet. Sak 06/11 og 07/11 er munnleg orientering og drøfting.

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Jim Arve Røssevoll
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SULA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 26. april 2011, kl.13.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine møtelokalar, Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av: Erling Olav Brenne

Elles til stades:

Anne Berit Salen og Øistein Ramsli

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen i sak 14/10, 15/10 og 17/10

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

SAK 01/11

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 4. NOVEMBER 2010

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 4. november 2010 blir godkjent.

SAK 02/11

ÅRSMELDING 2010 – SULA KOMMUNE

Innstilling datert 26.04.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2010 for Sula kommune til orientering.

SAK 03/11

KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – SULA KOMMUNE

- Innstilling datert 26.04.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.
- Revisjonsmelding 2010 – Sula kommune

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Sula kommune sin rekneskap for 2010 blir godkjent.

SAK 04/11

SAKER SOM SKAL OPP I PLANUTVALET 27.04.2011

Det var lagt opp til ei evaluering av kontrollutvalet og kommunen si behandling vedkomande kontrollutvalsak 16/10 og planutvalsak 50/11. Det vart ikkje fatta vedtak i saka.

Erling Olav Brenne
leiar
(sign.)

Anne Berit Salen
medlem
(sign.)

Øistein Ramsli
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 14.12.2011

**SAK 08/11
BUDSJETTKONTROLL 2. TERTIAL 2011 - SULA KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Saksdokument kommunestyresak 072/11

Formell bakgrunn for rapporteringa

Av budsjettforskriftene §10 går følgjande fram:

”Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalingar og utgifter og utbetalingar i henhold ti det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å annta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak”

Av kommentarane til § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjettrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Generelt sett bør kommunane fastsette reglar for omfang og hyppigheit av rekneskapsrapportering i løpet av året. Det bør også gå fram kva nivå det skal rapporterast på. Dei ulike nivåa bør få rekneskapsrapportering på sitt respektive nivå. Kommunestyret må få rapportering på same nivå som det vedtekne budsjettet. Det bør også føreligge eit system for periodisering av utgifter og inntekter.

Når det gjeld investeringsbudsjettet, så bør rapporteringa også innehalde verbale kommentarar til forskyvingar som følgje av tidleg eller sein byggestart, framdrift, kostnadsoverslag, finansieringsplan og løyvingar. Det bør også lagast eigna rapportar for prosjekt som går over fleire år.

Dersom kommunestyret skal få tilstrekkeleg oversikt, bør rapportering gjerast med same spesifikasjonsgrad som kommunestyret sitt budsjettvedtak med budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B (driftsbudsjettet-og investeringsbudsjettet).

Vedkomande framlagte rapport.

Rapporten viser eit mindreforbruk på 5,8 mill. kroner.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Britt Jorunn Blindheim
Arkivsaksnr.: 11/733 - 6

Arkiv: 150

BUDSJETTKONTROLL 2. TERTIAL 2011

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Formannskapet	01.11.2011	088/11
Kommunestyret	10.11.2011	072/11

Rådmannen si innstilling:

Kommunestyret tek budsjettkontrollen til vitande og godkjenner følgjande budsjettendringar:

- | | |
|--|----------------|
| • 1.1 avsette midlar til lønsauke | kr. 1.500.000 |
| 1.8 Auke i frie inntekter | -kr. 1.500.000 |
| • 1.6 Unytta løyvingar til maling av Sulatunet | -kr. 750.000 |
| 1.6 Avsetning til fond "maling av Sulatunet" | kr. 750.000 |

Mindreforbruk barnehagar vert nytta til ny midlertidig avdeling ved Langevåg og bruk av fondsmidlarbarnehage vert redusert tilsvarande

Behandling i Formannskapet 01.11.2011

Rådmannen si innstilling vart samrøyses tilrådd.

F-088/11 Vedtak:

Kommunestyret tek budsjettkontrollen til vitande og godkjenner følgjande budsjettendringar:

- | | |
|--|----------------|
| • 1.1 avsette midlar til lønsauke | kr. 1.500.000 |
| 1.8 Auke i frie inntekter | -kr. 1.500.000 |
| • 1.6 Unytta løyvingar til maling av Sulatunet | -kr. 750.000 |
| 1.6 Avsetning til fond "maling av Sulatunet" | kr. 750.000 |

Mindreforbruk barnehagar vert nytta til ny midlertidig avdeling ved Langevåg og bruk av fondsmidlarbarnehage vert redusert tilsvarande

Behandling i Kommunestyret 10.11.2011

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedtatt.

K-072/11 Vedtak:

Kommunestyret tek budsjettkontrollen til vitande og godkjenner følgjande budsjettendringar:

- 1.1 avsette midlar til lønsauke kr. 1.500.000
- 1.8 Auke i frie inntekter -kr. 1.500.000
- 1.6 Unytta løyvingar til maling av Sulatunet -kr. 750.000
- 1.6 Avsetning til fond "maling av Sulatunet" kr. 750.000

Mindreforbruk barnehagar vert nytta til ny midlertidig avdeling ved Langevåg og bruk av fondsmidlarbarnehage vert redusert tilsvarande.

Vedlegg:

Dok. dato	Tittel	Dok.ID
26.10.2011	budsjettkontroll 2 ter sula kommune.xls	146471

Vedlegg:

Eige hefte med budsjettkontroll frå sektorleing og driftseiningar.

Innleing

Rapporten er basert på einingsleiarane sine tertial rapporter og kommunalsjefane sine vurderingar. Vedlagt denne budsjettkontrollen følgjer også rapportar frå kommunalsjefar, og einingsleiarar; Prosjektering, bygg, drift og Plan, byggesak, oppmåling.

Vurdering:**Lønnsoppgjer og pensjonsutgifter**

Dei sentrale og lokale forhandlingane for 2011 er no ferdig. Resultatet vart 1% over anslaget i statsbudsjettet. For Sula kommune vart lønnsoppgjeret 1,5 mill. kroner over budsjettet.

Utgifter og inntekter ført under kommunestyret sitt ansvarsområde**Frie inntekter**

	Budsjett	Ny prognose 01.mar	kom.øk.prp.	Statsbud. ny prognose	Auke
Rammetilskot	178 926	178 924	179 068	179 068	142
Inntektsutjamning	20 700	20 348	20 513	16 037	(4 663)
Skatt	146 532	148 128	149 455	155 730	9 198
Sum	346 158	347 400	349 036	350 835	4 677

KS sin prognose over forventa frieinntekter pr. 1. mars viste ei samla auke på 1,2 mill. denne auken skuldast høgre skatt enn forventa i 2010 samt auka folketal i 2010. Etter dette har prognosen for skatteinntekter blitt oppjustert i to omgangar. Samla viser no prognosen for frie inntekter ei auke på 4,6 mill. kroner i forhold til det vedtekne årsbudsjett.

Renteutgifter og renteinntekter

Viss rentenivået held seg uendra vil renteutgiftene bli 1 mill. kroner lågare enn budsjettet, men samstundes vil inntektene bli redusert slik at ein netto kan rekne med ei innsparing kr. 500.000.

Utbytte

Sula Kommune hadde pr. 31.08.11 71,4 mill. kroner (marknadsverdi) plassert i kapitalmarknaden etter retningslinene for langsiktig forvaltning. Avkastninga på dette tidspunktet var negativt, - 2,9 mill. kroner (-3,89%), Benchmark var -3,1%. Denne negative utviklinga har fortsett i september og ved utgangen av september var tapet på 4,2 mill. kroner. Oktober kan sjå ut til å bli noko betre. Vi tar ikkje med prognosane i finansforvaltninga når vi oppsummerer forventa resultat for året då vi har eit bufferfond som skal ta svingingane i kapitalmarknaden.

Kompensasjon av meirverdiavgift på investeringar

Her vil bli ei meirinntekt pga løyvingar til investeringar som er overført frå 2010 til 2011, anslaget pr. i dag er på kr. 300.000.

Tilskot til ressurskrevjande brukarar

Ingen endringar, men det endelege resultatet er usikkert da rundskrivet for berekning av tilskotet ikkje kjem før januar/februar 2012.

Prognoser for dei ulike einingane

Forutsetninga for budsjettprognosane til alle einingane er at det vert kompensert for konsekvensane av lønsoppgjeret.

1.1 Sentraladministrasjonen

Eit forventa meirforbruk på 150.000 pga utgifter til IKT.

1.2 Fagutval for oppvekst

Eit forventa mindreforbruk på kr. 2.270.000, dette skuldast mindre overføringar til private barnehagar enn budsjettet. Beløpet vert foreslått brukt til å finansiere ny midlertidig avdeling ved Langevåg Barnehage. Denne avdelinga er finansiert gjennom bruk av barnehagefondet, ved å ikkje bruke fondet i 2011 vil ein ha midlar til nye barnehageplassar i 2012.

1.3 Fagutval for helse- og sosial

Dette utvalet har eit forventa meirforbruk på kr. 200.000. For nærmare orientering sjå vedlagte budsjettkommentar frå Helse- og sosial.

1.4 Kultur, næring og miljø

Eit meirforbruk på kr. 45.000..

1.50 Plan, byggesak og oppmåling

Eit mindreforbruk på kr. 398.000.

1.5 – 1.6, 1.7 Prosjekt, bygg og drift

Inkludert renovasjon har eit meirforbruk etter bruk av fond på kr. 420.000. Renovasjon skal drivast etter sjølvkost og underskotet må dekkast inn gjennom auka avgifter i løpet av 5 år.

På eigedomsforvaltning er det eit unytta beløp på kr. 750.000 avdi maling av Sulatunet vart utsett til 2012, dette beløpet bør avsettast på fond.

Konklusjon

(negativt fortegn tyder meirinntekt eller mindreforbruk)

Lønsoppgjjer og pensjonsutgifter	1.500.000
Frie inntekter	-4.677.000
Nto renteutgifter	-500.000
Mva kompensasjon investeringar	-300.000
Avvik driftseiningane	-1.838.000
SUM MINDREFORBRUK	-5.815.000

For å kunne bruke barnehage fondet til nye plasser i økonomiplanperioden vert det foreslått at mindre forbruket i oppvekst vert nytta til nye barnehageplassar i 2012.

Det vert foreslått løyvd 1,5 millionar for å kompensere konsekvensane av lønsforhandlingane i 2011.

Edvard Devold

Britt J. Blindheim
økonomisjef

Budsjettavvik januar - august 2011

	Regulert årsbudsjett	Vurdert prognose 31.12	Avvik i %	Kommentar
POLITISK UTVAL	6 661 289		0,0	
RÅDMANN M/STAB	6 033 930	0	0,0	
SERVICEKTR/STØTTESTAB/FELLESTST (inkl ikt, og tilfellsvalte)	20 586 445	150 000	0,7	Meirforbruk ved IKT, ca 500, mindreforbruk ved støttesstab, service ca 350
OVERF. TIL SOKNERÅDET OG TRUDOMS.	3 992 970	0	0,0	
Sum sentraladministrasjonen	40 581 795	150 000	0,4	
ADM OG POLITISK STYRING - OPPVEKST	1 178 260	-60 000	-5,1	Mindre avvik på løn
FELLESUTGIFTER UNDERVISNING	2 932 360	150 000	5,1	Kan bli negativt avvik som gjeld kjøp av plasser ved andre kommuner, avhenging kor mykje som er brukt til kurs
SOLEVÅG SKULE/SFO	10 495 060	140 000	1,3	Mindreforbruk ved skulen, ca. 50. Meirforbruk ved SFO meir lønn 120, og mindre inntekter 70
MÅSEIDE SKULE/SFO	6 853 108	-620 000	-9,0	Til gode lønn, + inngående refusjonar som ikkje er budsjettert. SFO lite meirforbruk og litt meir inntekter
FISKARSTRAND SKULE/SFO	9 494 668	-140 000	-1,5	Mindreforbruk på lønn 215, Meirforbruk på lønn ved SFO + meir inntekter - samla avvik ved SFO -75
LANGEVÅG SKULE/SFO	16 397 666	-150 000	-0,9	Mindreforbruk forbruksmaterialell + eit lite overforbruk på lønn, Ved SFO meirforb. m/forbruk for auka inntk. -250
MOLVÆR SKULE/SFO	9 844 243	180 000	1,8	Overforbruk på løn ved SFO - Skulen går i balanse
SULA UNGDOMSSKULE	21 845 446	140 000	0,6	Lite avvik på lønn + til gode refusjonar ikkje budsjettert 140
SKYSS	1 324 700	60 000	4,5	mindre avvik
SUNDE BARNEHAGE	3 819 480	-200 000	-5,2	Refusjon sjukepengar, meir enn forventa + mindreforbruk løn.
MÅSEIDE BARNEHAGE	4 870 209	230 000	4,7	Avvik på løn, + avvik i inntekter
LANGEVÅG BARNEHAGE	3 005 162	-300 000	-10,0	Til gode lønn + mindre bruk av artsgruppe 1-2 (kjøp av varer og tenester i kom.prod).
MOLVÆR BARNEHAGE	6 261 562	100 000	1,6	Negativt avvik på lønn og litt mindre inntekter enn forventa
PRIVATE BARNEHAGAR	37 500 000	-1 200 000	-3,2	Dette bør brukast til nye plasser haust 2011, slik at barnehagefondet kan brukast til nye plasser hausten 2012
STYRKKA BARNEHAGE	1 985 803	0	0,0	Vil gå i balanse
VOKSENOPPLÆRINGA	1 639 030	-600 000	-36,6	Meir refusjon enn forventa
PPT ink. Spes.underv. Bamehage	5 021 588			
Sum oppvekst	145 700 963	-2 270 000	-1,6	
ADM OG POLITISK STYRING - KULTUR	764 360		0,0	
MUSIKKSKULE	1 968 070	0	0,0	
BIBLIOTEK	1 642 692	0	0,0	Vil gå i balanse
FLYKTNINGEKONTORET	10 850	0	0,0	
NÆRINGS- OG TILTAKSARBEID	954 000	45 000	4,7	Høgere utbetaling til Sula Bedriftsteneste
KULTUR	1 761 780	0	0,0	Vil gå i balanse
Sum KNM	7 101 712	45 000	0,6	
ADMINISTRASJON OG POLITISK UTVAL HELSE OG SOSIAL	2 371 490	0	0,0	
HELSEAVDELING	8 585 035	300 000	3,5	Hovudsakleg pga ekstrarekning frå NPE (norsk pasientskadeerstatning)
NAV	3 465 160	-500 000	-14,4	Vellukka satsing på arbeid og avklaring => Reduksjon sosialhjelp
BARNEVERN	10 313 090	1 300 000	12,6	Auka aktivitet, omsorgsovertakingar, mange rettsaker

	Regulert årsbudsjett	Vurdert prognose 31.12	Avvik i %	Kommentar
SULATUNET	29 228 937	0	0,0	Vil gå i balanse
HEIMETENESTA	53 542 305	0	0,0	Kan bli eit lite mindreforbruk
BUKOLLEKTIVA	20 591 037	800 000	3,9	Meirforbruk lønns/vikarbyrå, hatt mange vacante stillingar, ekstraintleige
MYLNA OG REHABILITERING	8 075 939	-500 000	-6,2	Mindreforbruk lønn, meirinntekt, mindre overføring andre kommunar
KOMPENSERING AV MEIRKOSTNAD VED LØNSOPPGJER		-1 200 000		
Sum Helse- og sosial	136 198 073	200 000	0,1	Bereknna meirkostnad lønnsoppgjer - rammene ikkje kompensert (ca. 1,2 mill).
Plan, byggesak & oppmåling	3 744 192	-383 000	-10,2	Positivt avvik
KOMMUNAL TEKNISK	834 767	0	0,0	
UTESTYRKEN/MASKINPARK	0	0	0,0	
VEGAR	6 881 406	0	0,0	
BRANN	6 881 406	0	0,0	
Sum kommunal teknisk	11 399 143	0	0,0	
ADMINISTRASJON EIGEDOM	15 143 335	0	0,0	
KOM PARK- OG GRØNTANL	1 050 670	0	0,0	
BYGGFORVALTNING	19 813 491	0	0,0	
Sum eigedomsforvaltning	22 546 965	0	0,0	
Vatn, avløp, renovasjon og feiling	-2 667 779	420 000	-15,7	Renovasjon får eit underskot på kr. 420.000 etter bruk av fond på kr. 80.000
Avsetningar til lønn og pensjon, avsett 5,6 mill	1 962 649	1 500 000	76,4	
Avsetning til AFP, avsett 450.000	450 000	0	0,0	Blir brukt opp
Frie inntekter (skatt og rammetilskot)	-346 158 000	-4 677 000	1,4	Her ser det ut til å bli eit tap. Pr. 31.08.11 var det på 2,9 mill. kroner. Skal dekkes gjennom bufferfond
Renteinntekter og utbytte	-4 070 000			Kan bli ein nto. Innsparing på 1 mill. kroner, men inntektene vil også bli redusert
Renteutgifter	14 050 400	-500 000	-3,6	
Bunde fond vann og avløp	1 564 000	0	0,0	
Statsliskot knytta til renter	-4 569 662	0	0,0	Vil nok bli ein reduksjon på 0,5 mill. kroner, vi må sjå dette i samanheng med innsparte renteutg.
Ressurskrevjandebrukarar	-13 022 000	0	0,0	
Nto avdrag	10 177 000	0	0,0	
Mva kompensasjon på investeringar	-20 081 000	-300 000	1,5	19,6 mill. kroner skal overførast til investering.
SUM forventna årsavvik		-5 815 000		